



Fylkesmannen i Hordaland

ETNE CONTAINERSERVICE AS
Nedre Austrheim 6
5590 Etne

Bergen, 7. mai 2018

Sendt på epost til drift@etne-container.no

Dykkar ref.:

Vår ref.(oppgi ved svar):
2015/4385
Sakshandsamar:
Astrid Holte

Rapport frå inspeksjon ved Etne Containerservice AS

Kontrollnummer: 2018.024.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Knut Sverre Vaksdal

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Astrid Holte og Nina Vadøy

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Etne Containerservice AS den 9. februar 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 5 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema;

- Lagring og handtering av avfall
- Farleg avfall og EE-avfall
- Finansiell sikring
- Utslepp og forsøpling
- Internkontroll

Avvik og oppfølging er nærare omtalte bak i rapporten. Vi ser alvorleg på avvika. Etne Containerservice AS må sende skriftleg melding innan 15. juni 2018 på at avvika er retta.

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Astrid Holte
senioringeniør

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Kopi til: Etne kommune firmapost@etne.kommune.no, Eivind Vik eivind.vik@outlook.com

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: ETNE CONTAINERSERVICE AS	
Organisasjonsnr.: 972227242	Eigd av: 958260563
Bransjenr. (NACE-kode): 37.000 - Oppsamling og behandling av avløpsvann	

Kontrollert eining

Namn: Etne Containerservice AS	Anleggsnr.: 1211.0040.01
Kommune: Etne	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Avfall - mottak, mellomlagring og	
Løyve gitt: 02.07.2012	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for Mottak og mellomlagring av farleg avfall 2018. Aksjonen er landsdekkande.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Farleg avfall: mottakskontroll, journalføring, handtering, lagring, vidarelevering, finansiell sikring
- Utsleppskontroll
- Internkontroll: avvikssystem, risikovurdering, beredskap

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Etne Containerservice AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

Ved tilsynet vart det informert om at verksemda måtte rette følgjande forhold straks:

- Stoppe mottak av avfall til sortering og omlasting inntil det er plass inne i sorteringshallen, sjå avvik 1. Verksmeda skulle informere Fylkesmannen når hallen var tom, men vi har ikkje mottatt slik melding.
- Sikre forsvarleg lagring av farleg avfall og EE-avfall, sjå avvik 2.
- Stoppe mottak av farleg avfall inntil finansiell sikring er sendt inn og godkjent av Fylkesmannen, sjå avvik 3.

For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Etne Containerservice AS innan 15. juni 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ser alvorleg på avvika som vart avdekka i denne inspeksjonen, og vidare drift av anlegget føreset at avvika vert retta. Vi ser særleg alvorleg på at

- Fleire avvik er dei same som vart gitt ved førre tilsyn i 2015 og dei fører til forureining og forsøpling, gjeld fleire avvik.
- I 2015 vart det lagra 591 tonn avfall, no er overskridinga større. Lagringstida for blanda usortert næringsavfall er også auka frå 5 dagar til 1-2 år og for restavfall frå 2 til 7 månader, sjå avvik 1.
- Sorteringshallen var no så full at det ikkje var plass til sortering og omlasting under tak, sjå avvik 1.
- Verksemda tok imot farleg avfall utan finansiell sikring, sjå avvik 3.
- Sjølv om verksemda har asfaltert store område sidan førre tilsyn, vert framleis mykje avfall lagra og handtert slik at det fører til forureina overvatn til grunnen og Etne-elva, sjå avvik 4.
- Manglande kunnskap om farleg avfall og manglande skriftlege rutinar for mottakskontroll og handtering av farleg avfall framleis ikkje er retta, sjå avvik 5.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgt opp ved ny kontroll.

4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Fylkesmannen varslar at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt (*jf. forureiningslova § 73*) dersom vi ikkje har fått skriftleg melding om at avvika er retta innan 15.06.2018.

Tvangsmulkta vil påløpe dersom vi ikkje har fått stadfesting på at avvika er retta innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 50 000,-.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Hordaland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Varsel om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda under tilsynet den 9. februar 2018. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda utan løyve etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

Under tilsynet varsla vi eit gebyr på kr 22 800 kr,-. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. På bakgrunn av ressursbruk ved skriving av rapport med omfattande avvik har vi vurdert at gebyrsatsen må aukast til kr 28 900,- som tilsvarar sats 1. Vi varslar derfor at Etne Containerservice AS må betale eit gebyr på kr 28 900,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

Verksemda kan kommentere på storleiken på gebyret til Fylkesmannen innan 2 veker. Endeleg vedtak om gebyr vert sendt i eige brev.

6. Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Avfall vert ikkje handtert og lagra i tråd med krav i løyvet

Avvik frå:

- Løyve punkt 1 Rammer
- Løyve punkt 4.1 Krav til anlegget
- Løyve punkt 4.2 Lagringstid og lagringsmengder

Kommentar til regelverket:

Rammer for løyvet - lagerområde

Løyvet gjeld avfallsaktivitet på gnr. 23 bnr. 20 i Etne.

Krav til anlegget

All omlasting og sortering skal skje på tett flate og under tak.

Lagringstilhøve

Lagring av avfall skal skje på tett flate og under tak.

Avfallsmengder på lager

Verksemda kan ha maksimalt 300 tonn avfall på lager. Det er sett følgjande krav til lagringstid:

- blanda usortert næringsavfall kan lagrast i 3 verkedagar
- restavfall til slutthandsaming kan lagrast i 1 månad

- sortert avfall til gjenvinning kan lagrast i 12 månader

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Rammer for løyvet - lagerområde

Verksemda lagra avfall på nabotomta, utanfor området som er dekket av løyvet, sjå bilde 1 og 2.

Krav til anlegget

Hallen for sortering og omlasting av blanda næringsavfall var full, og sortering vart derfor gjort i døropninga og utanfor hallen, sjå bilde 3 og 4. Avfall vart dermed ikkje sortert og omlasta under tak slik det er krav om.

Avfallsmengder på lager og lagringstilhøve

Ved tilsynet 9. februar hadde verksemda meir enn maksimal tillate mengd avfall på lager, og fleire avfallsfraksjonar var lagra lengre enn maksimal tillate lagringstid. Mykje avfall var ikkje lagra på tett flate eller under tak.

- Verksemda anslo at samla mengd avfall på lager ved tilsynet var 740 tonn. Dette er over kravet på maksimalt 300 tonn avfall på lager.
- Det vart opplyst at blanda usortert næringsavfall var lagra i 1-2 år. Dette er over kravet til maksimal lagringstid på 3 dagar.
- Det vart opplyst at restavfall til slutthandsaming var lagra i 7 månader. Dette er over maksimal lagringstid på 1 måned.
- Fleire avfallsfraksjonar var lagra utandørs og utanfor tett flate. Fleire avfallstypar var lagra utan nokon form for skjerming, ein del avfall var lagra i plastemballerte ballar med hol i plasten. Dette er ikkje i tråd med kravet til lagring på tett flate og under tak. Sjå bilde 5 til 10.

Avvik 2: Farleg avfall og EE-avfall vert ikkje handtert i tråd med krav

Avvik frå:

- Løyve punkt 1.1 om avfallstype
- Løyve punkt 5 Krav til mottak og lagring av farleg avfall
- Avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg lagring
- Avfallsforskrifta § 11-8 om leveringsplikt
- Avfallsforskrifta § 11-14 transport av farleg avfall

Kommentar til regelverket:

Krav til avfallstypar, deklarasjon og journalføring i løyvet

Løyvet er avgrensa til mottak av næringsavfall, av dette to typar farleg avfall; impregnert trevirke og blybatteri. Ved mottak av slikt avfall skal Etne Containerservice AS sjå til at avfallet er deklarerert og føre journal. Løyvet omfattar ikkje mottak av andre typar farleg avfall.

Krav til lagring av farleg avfall i løyvet

I løyvet er det sett krav til at lagring av farleg avfall skal skje innandørs og på tett dekke, og at farleg avfall ikkje skal blandast med anna avfall.

Krav til lagring, levering og transport av farleg avfall i avfallsforskrifta

I § 11-5 står det at farleg avfall skal lagrast forsvarleg. Det innebør mellom anna skjerming mot vør og vind, sikring mot uvedkomande, orden og oversikt over avfallet ved ryddig og separat plassering og tydeleg merking.

I § 11-8 står det at verksemdar med farleg avfall skal levere dette minst 1 gong per år til godkjent mottak.

I § 11-14 står det at det ikkje er lov å transportere farleg avfall utan at deklarasjonsskjema frå verksemda som leverer det farlege avfallet følgjer med.

Avviket er basert på følgjande observasjonar under tilsynet:

Avfallstypar, deklarasjon og journalføring

Verksemda har tatt imot farleg avfall frå hushald, sjølv om løyvet berre gjed mottak av næringsavfall.

Verksemda har ikkje sett til at det farlege avfallet dei tek imot er deklarerert, og har ikkje ført journal slik det er krav om.

Lagring, levering og transport

Nokre typar farleg avfall og EE-avfall var lagra uforsvarleg. Farleg avfall var lagra på fleire ulike plassar og lagringa var ikkje i tråd med kravet til orden og oversikt, ryddig og separat plassering og tydeleg merking. Mellom anna var diesel lagra i ei ope, umerka balje plassert utandørs på asfalt og fleire bilbatteri og EE-avfall var lagra på ulike plassar utandørs og ikkje alltid på fast dekke. Det farlege avfall var ikkje merka, verken mottatt eller eige avfall, sjå bilde 11-15.

Eige farleg avfall var lagra meir enn 1 år.

Verksemda har transportert farleg avfall utan at deklarasjonsskjema frå verksemda som produserer avfallet følgjer med bilen. Etne Containerservice AS har i staden deklarerert det farlege avfallet med seg sjølv som avfallsprodusent.

Avvik 3: Verksemda har ikkje godkjent finansiell sikring for farleg avfall

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 4, punkt 4, jf. §§ 11-6 og 11-18

Kommentar til regelverket:

I avfallsforskrifta er det krav om seinast 1. januar 2018 skal mottak og mellomlager for farleg avfall ha finansiell sikring for å dekke kostnader med å ta hand om alt farleg avfall ved anlegget ved nedlegging, stans eller betalingsproblem. Garantibeløpet skal vere i form av påkravsgaranti eller kontopant, og baserast på ei utrekning av dei kostnadane som kan tenkast å oppstå sett i lys av kva for typar farleg avfall anlegget kan ta imot, og dei mengdene farleg avfall som lovleg kan lagrast. Det står i forskrifta at anlegg utan godkjent sikring ikkje kan ta imot farleg avfall, med mindre Fylkesmannen har innvilga utsetjing av kravet.

Avviket er basert på følgjande observasjonar under tilsynet:

Etne Containerservice AS har ikkje etablert godkjent finansiell sikring for mottak og mellomlagring av farleg avfall innan fristen som 1. januar 2018, men likevel tatt imot og lagra farleg avfall etter dette.

Avvik 4: Krav for å hindre utslepp og forsøpling er ikkje innfridd**Avvik frå:**

- Løyvet punkt 3.1 Utslepp til vatn og grunn
- Løyvet punkt 3.3. Lukt, støv, forsøpling

Kommentar til regelverket:*Utslepp til vatn og grunn*

Sortering, omlasting og lagring av avfall skal ikkje medføre produksjon av forureina sigevatn eller prosessavløpsvatn. Eventuelt spill, søl og forureina overvatn skal reinsast via oljeutskiljar og sandfang. Etter reinsing skal vatnet leiast til tett tank. Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen.

Forsøpling og skjemmande lagring

Nærmiljøet rundt anlegget skal ikkje verte forsøpla. Avfallet skal handterast og lagrast slik at det ikkje er skjemmande.

Avviket er basert på følgjande observasjonar under tilsynet:*Utslepp til vatn og grunn*

Under tilsynet førte lagring og handtering av avfall til produksjon av forureina sigevatn og overvatn. Ikkje alt forureina sige- og overvatn vert samla opp, reinsa og ført til tett tank slik det er krav om, men går direkte i grunnen og til Etne-elva.

Fleire avfallsfraksjonar, både på lager og ved pressing, vart utsett for regn, og det hadde oppstått forureina overvatn. Forureina vatn frå slike aktivitetar på gruslagte område går i grunnen, sjå bilde 16-18. Ved tilsynet hadde om lag 10 prosent av eige areal og heile området på nabotomta grusdekke.

Forureina overvatn frå asfalterte område vart ført til sluk med utslepp i Etneelva. Ved tilsynet var det synleg oljefilm og forureina overvatn på asfalten både frå avfall lagra utandørs, trafikk og lagertank for diesel, sjå bilde 19-21.

Forsøpling og skjemmande lagring

Ein del avfall og andre gjenstandar på anlegget var lagra på ein slik måte at det kan oppfattast som skjemmande, sjå fleire bilde, mellom anna bilde 16 og 17.

Avvik 5: Internkontrollen har manglar**Avvik frå:**

- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 om risikovurdering og punkt 7 om rutinar
- Løyve punkt 2.5 Krav til kompetanse om farleg avfall og ee-avfall
- Løyve punkt 4.4 Dokumentasjon og mottakskontroll

Kommentar til regelverket:

Risikovurdering

Verksemda skal kartleggje farar og problem, vurdere risiko, og lage planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Rutinar, mottakskontroll og avvikshandsaming

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav i løyvet eller andre krav i miljøregelverket. Rutinane skal vere skriftlege. I løyvet er det særskilt krav til at verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll slik at ulovleg avfall som kjem inn på anlegget vert sortert ut. Ulovleg avfall skal registrerast og følgjast opp som avvik.

Kunnskap om farleg avfall

Verksemda skal ha naudsynt kompetanse om farleg avfall, m.a. for å hindre at farleg avfall blir blanda med anna avfall. Verksemda skal ha plan for kompetanseutvikling.

Kva som er definert som farleg avfall eller kva avfall som kan innehalde så høge konsentrasjonar av miljøfarlege stoff at det blir definert som farleg avfall, er heile tida under endring. Dette gjeld særleg avfall frå bygg og anlegg. Verksemda må ha oppdatert kunnskap på dette området for å kunne skilje farleg avfall frå ikkje-farleg avfall mellom anna ved sortering av blanda næringsavfall. Verksemda må også sørgje for at oppdatert kunnskap blir formidla vidare til tilsette og kundar.

Avviket er basert på følgjande observasjonar under tilsynet:

Risikovurdering

Risikovurdering og beredskapsplan var ikkje tilgjengeleg under tilsynet.

Rutinar, mottakskontroll og avvikshandsaming

Skriftlege rutinar etterlyst på førre tilsyn var ikkje tilgjengelege under tilsynet;

- Handtering av farleg avfall: rutinane var mangelfulle og ikkje skriftlege.
- Drift av oljeutskillar: rutinane var ikkje skriftlege
- Avvikshandsaming: verksemda førte avvik, men retting av avvika var ikkje alltid dokumentert i avvikssystemet.

Verksemda opplyste at dei tok imot mykje bygg- og anleggsavfall, men at dei ikkje hadde skriftleg rutine for å sjekke om det var gjennomført kartlegging og utsortering av farleg avfall før mottak av slikt avfall.

Det vart opplyst at avfallet vart sjekka for ulovlege fraksjonar ved tømning i hallen. Det var ikkje skriftlege rutinar for kva avfall som skulle sorterast ut og korleis funn av ulovleg avfall skulle følgjast opp. Dette hadde mellom anna ført til at feillevert trykkimpregnert trevirke ikkje var sortert ut frå restavfallet fram til desember 2017. Etter dette var etablert rutine for utsortering av trykkimpregnert trevirke sortert, men rutinen for utsortering og oppfølging var ikkje skriftleg ved tilsynet.

Ved tilsynet opplyste verksemda at dei ville ettersende risikovurdering, avvikssystem, rutinar og beredskapsplan, men Fylkesmannen har ikkje mottatt dette.

Kunnskap om farleg avfall

Verksemda hadde manglande kompetanse om kva avfall som er farleg avfall og krav til handtering av dette. Manglande kunnskap om kva som er farleg avfall er særleg kritisk når verksemda manglar skriftlege rutinar for mottakskontroll og handtering av farleg avfall. Verksemda hadde heller ikkje plan for kompetanseutvikling for å sikre kunnskap om farleg avfall.

8. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

9. Andre tilhøve

Endring av løyve

Fylkesmannen fekk i 2016 søknad frå verksemda om utvida lagringstid, auka lagringsmengde og utandørs lagring av avfall. Søknaden er mangelfull, og vi har etterlyst meir informasjon fleire gongar. Fylkesmannen kan ikkje handsame søknaden før det er sendt inn tilstrekkeleg informasjon. Inntil dette er gjort vert saka stilt i bero.

Vi vil gjenta informasjonen i vårt brev 01.06.2017 om at det framleis er grensene i løyve av 2. juli 2012 som gjeld, og at inntil søknaden er handsama, legg vi til grunn at verksemda rettar seg etter gjeldande krav.

I lys av at vi ser alvorleg på avvika, og at vidare drift føreset at avvika vert retta, vil vi informere om at dersom vesentlege delar av drifta ikkje er i tråd med vilkåra kan det være aktuelt å trekke gjeldande løyve.

10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

11. Bilde

Bilde tatt av Fylkesmannen i Hordaland under tilsynet.

Bilde 1 og 2: Lagring av avfall på nabotomta, utandørs og utan tett dekke



Bilde 3 og 4: Overfylt sorteringshall, utsortert avfall utanfor hallen, dels lagra på grus



Bilde 5 og 6: Lagring av avfall utandørs, dels i utett container



Bilde 7 og 8: Lagring av plast ute på grus, plast kjørt ned i grusen



Bilde 9 og 10: Plastemballert avfall med hol i plasten, dels lagra på grus



Bilde 11 og 12: EE-avfall lagra ute, dels på grusdekke



Bilde 13 og 14: Batteri og diesel lagra ute, batteriet på grusdekke



Bilde 15: Lager for eige farleg avfall var ikkje merka



Bilde 16 og 17: Lagring og handtering var skjemmande og førte til forureina overvatn til grunn



Bilde 18: Pressing avfall utandørs og på grusdekke



Bilde 19: Oljefilm på asfalter område



Bilde 20 og 21: Utslepp av forureina vatn til Etne-elva

